

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 35

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Stordal

Emne: Ølbrygging

Bygdelag:

Oppskr. av: Peter O Stavdal

Gard: Stavdal

(adresse): Stordal

G.nr. 88 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Eldre folk som liker og have øl i huset lagar det av berre malt. Far minn, den tid han bryggja brukte jamnt berre malt. Eg brukar gjerne eitnpar kg, sukt til 50 liter vørter. dersom det er og få.

Eg hev haurt at dei no lagar noko som dei kalla "snar-øl". Det vert då brukt maltekstrakt i staden for malt.

So lenge som eg kan minast var skikk og bryggje til jol og til slåtten. Før 1900. var det kanskje også skikk og bryggje til "barsøl" og til "gravøl". Til gravøls hev det ikkje vore bryggja som eg veit om.

Til kva slags annledninger dei dei lagar snar-øl veit eg ikkje. Det er helst yngre folk som tuskar med dette.

\*B Den gamle heimebrygging

Ølbrygging var alltid rekna for og vera kararbeid. <sup>1</sup> helst var det husbonden sjøl som gjorde det. Til brullaup vart det ofte leigt ein som kunne hjelpe til og som hadde greide på arbeidet. <sup>2</sup> Kvar huslyd laga øl for seg. <sup>3</sup> Og som eg før hev nemnt er det til jol, og til sitt sättan og til bryllaup det var vanleg og hava heimebrygging. <sup>4</sup> Til jol og til slåtten var det vel vanleg og laga ca 100 liter øl til bryllaup var det so forskelle, Trur at ca 400 - 500 liter var almindeleg.

<sup>1</sup> Det var ei livd for husmora når der var øl i huset. Det vart då gjerne teke i ein liter øl til ein tilfeldig gjest. og praten gjekk godt og ho slapp kave med kaffikjelen.

C Malt

<sup>1</sup> Malttet vart alltid laga heime på garden av heimeavla bygg. <sup>2</sup> "Åloyte kornet" vart gjort slik at ein auste turt korn op i ein sekkr og gla det op i ein så (ein bryggeså) og auste vatn på. Eller det vart lagt i dam eller ein hyl i grova. vatnet må gå åver sekken so alt kornet vert blautt! <sup>3</sup> Slik ligg kornet i 3 dager til bløytings. Ein må vera merksam på at konet utvidar seg med bløytinga og vert tungt so sekken kann ikkje vera full! <sup>4</sup> Etter 3 dagars bløyting vart kornsekken lagt på det turre ein halv dag so det meste av vatnet seig ut. Kornet vart lagt til groing enten på stabhursloftet e

eller på en rein låve. Det vart gjerne laga ein firkanta karm av fjøler som det bløyte kornet vart slege op i. og jamna utåver, til ca, 8 cm, tøm tjukna på kornlaget målte et målte em med og stikka ein pinne ned gjennom ned på golvet. Oppå vart so dekt med fleire lag med klede, etter årstida. Etter eit døgen eller 2 må det kjennast etter om det var kome lonke i (ein lonke - litt varme) Var det kome litt varme i måtte temperaruren nøye kontolerast og regulerast med og leggja av eller på klede. Det må ikkje verta n verta nokon sers varme i kornet, og er det kaldt so grør det ikkje. Almindeleg kropstemperatur er høveleg. Røterne på kornet kjem ført ut etter ei 3 til 4 dager ser ein so einn kvit ål i andre endem på kit og anna korn. då er det ferdig-grott. Og groiga må stoppast. Heile kornlaget er no ei samanhengende kake. Denne må vel syndrivasst og breist vidt utåver til turking. Og det må rotast i eit på gonger for dag med ei rive. Slik låg det eit på dage

28 Sjølve turkinga vart førmeir alltid gjort på turkestova. Men no er alle desse turkestovorne til nedfals Om sommaren kan ein turke i sola. Om vinteren er det mange som turkar i turkerommet åt mohelfahrikkarne. Og bruke forsterk varme er ikkje bra. Søtstoffet i maltet hev lett for og renna ut og brenna. Det sete vond smak og det brennende rkorn er vedilaust.

31 Når maltet er turt nok til mala. Må det først støttast og dryftast. Til støtinga var brukta ein tverr jarspa. Det var først løysa røter (gror) fra kornet. Dryftinga etterpå vart jort enten på ei dryftemaskin eller med ein dryfting.

Malt bør malast so grovt som mogeleg.

Og laga malt er soleis eit langt omstøteleg arbeid som dei gamle var sers nøgne med. ein kann ikkje rekne med og få med og få ferdigt malt på kortare tid enn fijoten dagar eller 3 vikor.

#### D HUMLE

34 (Hans Strøm skriv sin "Sødmørs Beskrivelse" frå ca 1750, då han såg dei store eplehagarne dei i Norddal hadde hadde lagt i veg med, at han trudde det lønte seg betre forsette med homledyrking som "tilforn".) Homleplanter er vikt på kvar gard men dei vert ikkje stelt no. Dett er herre kjøpt humle eg veit om som hev vore brukt.

#### E BRYGGING

38 Dei nøvendige kjerald ved bryging er: Ein meiske-så Ein jiil-så, Ein ryste-så, ein meiske-spa, ein homle-sil, Ei stor gryte eler ein kopår-kjel. Det ferdige ølet vart tappa på eit øl-anker, ei øl-halvtynne, ei øltynne.

39 Til reingjeringa av kjellier og kjerad vart brukta surt saup og oske. Meiske-så gill-sa og dei andre kjørrelde vart vaska i eineløg. Ølanker og tynne vart gjerne opna, d.v.s., dei tok ut ein botten, Vaska so med eineløg og til slutt la dei ein neve med hyvelspon ned i botten og kveikte ljós på.

40 41 Ryste-såen hadde hol på sia og i holet vartsett ein massingkrane, Åver kranen på innsida vart lagt eit

trestykke, og deroppå eine og halm. Somme brukte leggja ore-kjeppar ned i. Det sette ein gul farge på vyrtra,

42 Det var berre eineløg som var brukt. Einen måtte vera frisk og gjerne med mykje bær på.

44 Maltet vart først blanda med eineløg i meiske-såen til ei tunn supe. ein gammal regel på tjukna var atmeiske-spakjen so vidt skulde siga til sides. Meiskjen stod tildekt eit korter eller so og vart so aust op i ryste-såen. Ette ei lita ventetid kunne ein so løysa litt på kranen so vyrtra fekk renna. Og innimillom slå kokan de einløg opatt på ryste-karet. Dett heldt dei på med til det lite eller ikje sotsmak var att i vyrtra. Av ei vogn godt malt venta dei og få 3i bytte (36 l.) med "Go-øl". Etterpå kunne dei so forsette på same måten men det vart vyrter til det som dei kalla "lett-øl". Og desse to vyrter-sortarne måtte sjølsagt gjørast ikor for seg. Bestemor sette alltid kake når far bryggja. Og so fekk ho av vyrtra ned i grjønet (eit)

52 Etterpå vart all vyrter kokt ilag med homle-til til det var høveleg beiskesmak. Ei ca, 5 til 10 minnus kokking. Gammall regel var og bruka ei mørk homle til ei våg malt. Denne sermonien kalla dei "Å koke homle-beita".

Ved store brygg t, d, til bryllaup var det ogso ein måte dei høla ølet på Dei kokte då homlebeit på berre ein del av vyrtra, dette kalla dei "Å ta råmeisk"

53 Den malt-suppa som var att i ryste-såen kallast drav (eit) og blanda med lit salt vart det gitt kyrne. Om sommaren på setra kalst denne blanding for Busalt. (eit))

#### F. GJÄRING.

61 Når homle-beita var ferdig silte dei altsaman gjennom homlesilen (ein) ned i jiil-såen, og so måtte det kolne tilca 33 grader C. Då kasta dei ein næve med ølgjær ned i. og so var det og pakke jiil-såen vel til med klede so det ikkje kolna ut for tidleg,

66 Sjølvé gjæringavarde ca, 20 timer. Då var det og skake op. Dette besto seg i og samle op der gjær som flaut oppå og so ause ølet ned på anker eller halvtunnor etter som det høvde. Kom grannar eller kjentfolk til gards medan dette arbeidet stod på måtte dei nok smake på "oppeskøkå" Og det vart då skrytt og diskutert om ølet vart blankt eller ikkje. Om det var høvelegt homla o, s, b,

80 Det ølanker måtte ikkje fyllast heilt op i spose. Det ville nemleg gjæra noko og var ankeret fullt vilde det fløyma ut over. Ølankeret vart set i kjellaren der det var svalt. Ein hovedbetingelse for at ølet skulle stå seg og ikkje surne var reine og sunne kjørelid.

#### G. MEINIGAR og TRUER

83 Tjukk eineløg var det som sette brunfarge på ølet. Som før nemnt var det eikelte som brukta orekjepar i ryste-såen. Det sette ein gul farge.

Øl som ikkje var blankt, eller det ikkje var noko styrke i var ikkje halde for noko. Det var særleg viktig at jole-ølet ikkje hadde slike feila.

I løytnant Peter Jøsvoll si bok " Stordal i  
tekst og toner" er eit biledet av ymse reiskap som var  
brukt . Billedet er frå Talberg og syner millom anna fram  
ein homle-sil og ei gammal heilhøla øltrekt.

7516